

EJFF - nytt

MEDLEMSBLAD FOR ETNE JEGER- OG FISKERFORENING



Oktober 2012



Mads Haugen med årets første etnelaks !



Jan A. Vinje
Leiar



Kjære EJFF-medlem !

2012 har hittil vore eit flott år for våre medlem.

Året starta oppløftande ved at Etne sparebank ynskte å vidareføra hovudsamarbeidsavtalen med EJFF på same vilkår som året før.

Slagordet til banken - Med heile vegen - er ikkje berre tomme ord for vår lokale sparebank ! Vi er stolte av og svært takksame for avtalen og heile hundre tusen er pengebeløpet vi mottar gjennom året og pengane er svært viktige for at vi kan utvikle foreininga med fleire aktivitetar framover, spesielt retta mot barn og ungdom.

I heile vinter har det vore arbeidd med å planlegga Villmarksmessa som vart gjennomført i slutten av april. Messa var på mange måtar ein suksess. Samarbeidet med kulturhuset har vore godt og arbeidsgruppa for Villmarksmessa er villige til å starte arbeidet med messe også til neste år. Kulturhuset vil forhåpentlegvis fatte vedtak tidleg i oktober. Rekneskapen er ikkje klart, men vi er lovt tala innan kort tid.

Prognosene er likevel eit rimeleg bra overskot. EJFF stilte med over 50 personar som utførte godt over 600 dugnadstimar. Takk til alle som bidrog !



27. - 29. april 2012



I slutten av mars og heile april vart det gjennomført Jegerprøvekurs. 17 personar gjennomførte kurset og alle med gode eksamensresultat. Takk til instruktør Jarle Grindheim for strålende utført arbeid !



Like etter messa flytta vi inn i nye klubblokale på Tongane i lokalene til "gamle Etne sveis". Vi har inngått ein leigeavtale med Etne bygdemølle og vi oppfordrar medlem til å ta turen innom.

I mai vart det utført mykje arbeid for å klargjera fiskesonane. Fiskeutvalet med Vegar Grumheden i spissen har igjen utført ein strålende jobb. Det er ikkje mange elvar - om nokon - som kan presentere slike fasilitetar som vi har.

Det har vore høg aktivitet på leirduebanen i vår og det er stor interesse frå både sponsorar og privatpersonar for å nytte banen.

Miljø- og ungdomsutvalet har gjennomført fleire arrangement i vår og i sommar. Nokre av tiltaka saman med Barnas turlag og Camp Hjørnås samane med Etne rødekors. Tiltaka har hatt godt oppmøte og er gjennomført på ein strålende måte. Ein spesiell takk til leiar Terje Bjørgen som instruerte heile veka på Camp Hjørnås!

Også i år har vi gjennomført "Vi over 60", denne gongen i sone 2. Deltakarane var som tidlegare år svært godt nøgd med arrangementet, både maten og drøsen.

Mange har venta lenge for å kome i gang med fiske etter 2 års pause. Og for eit fiske ! Vi må tilbake til tidleg 90-talet for liknande fangsttal. Midtsommarevalueringa med teljing av fisk var også oppløftande og det betyr at alt tyder på rikeleg med gytefisk til hausten. Det har heller ikkje vore fanga svært mykje oppdrettsfisk, noko som også er positivt. Lusesitasjonen er derimot ikkje under kontroll og framtida vil vise kor stor innverknad dette vil ha på lakseoppgangen i åra som kjem.

Prosjektet med å få installert laksefelle er uavklart og det har vore lite framdrift i dette arbeidet. Årsaka er samansatt, men oppdrettsnæringa har ikkje medvirka positivt i dette arbeidet.

Vennleg helsing
Jan A. Vinje

HOVUDSAMARBEIDSPARTNER



ETNE SPAREBANK

- *med heile vegen*



Eiendomsmegler



FrendeForsikring

NORNE
SECURITIES

AKTIVITETSHUS

På årsmøtet 14. januar 2012 fekk underteikna fullmakt til å arbeide vidare med godkjenning av byggjetad for aktivitetshus. Me hadde på det tidspunktet ein intensjonsavtale med eigar av Gnr. 32, bnr. 31, Alf Molde, om ei festetomt i nordvestre del av hans eigedom, regulert til naturvern. Dei nødvendige søknader om dispensasjon blei sendt til Etne kommune og Hordaland fylke. Frå NVE og fylkesmannen i Hordaland var svaret negativt, grunna flomfaren i området.

Komite Forvaltning gjorde i FV-081/12 følgjande vedtak:

"Komite Forvaltning finn tiltaket positivt.

Komiteen rår til at det vert arbeidd vidare med saka med utgangspunkt i alternativ plassering som av NVE kan tilrådast med omsyn til flaumfare."

Me jobbar nå med eit nytt alternativ. Etne kommune eig eit område på Tongane, nord for Asvo. Tomta her er ein unik plass ved elvebreidda med flott utsikt til elveosen og fjorden. Og veg, vatn og kloakk er her lett tilgjengeleg. Området er regulert til park, men Etne kommune er svært positiv til at Etne Jeger- og fiskerforening skal få etablera seg i dette området.

Denne gongen er me svært optimistiske om å lukkast !

Helsing Arne Birkenes



Visste du at du kan vera med å dela ut av Norsk Tipping sitt overskot til eit valfritt lag eller ein foreining? Alt du treng å gjera er å bli grasrotgivar. Enkelt, og heilt gratis for deg!

Nær 750 000 av Norsk Tipping sine spelarar er nå grasrotgiverarar. I fjar gav dei bort heile 296 millionar kroner til lag og foreninger over heilte landet. **Bli grasrotgivar du også - det er heilt gratis, og enklare enn du trur!**

Etter at du har tilknytta deg Grasrotandelen vil grasrotmottakaren din få tilsvarende fem prosent av speleinnsatsen din kvar gong du spelar. Det vil seie at dersom du spelar Lotto for hundre kroner, går fem kroner til grasrotmottakaren din. Og best av alt; Grasrotandelen går ikkje ut over din innsats eller eventuell premie! Grasrotandelen gjeld for alle spela til Norsk Tippings, bortsett frå Flax og Extra.

Støtt foreninga di ved å gi grasrotandelen til Etne Jeger- og Fiskerforening



Jarle Grindheim
Jegerprøveinstruktør.



JEGERPRØVEN 2012

Den 27.mars starta vi opp at Jegerprøvekurs. Kurset er på 30 timer og vart arrangert over fleire kveldar på auditoriet på Enge skule (takk for lånet). Kurset inneheld både ein teoretisk og ein praktisk del der ein får instruksjon i å skyte både med rifle og hagle.

Den 7. mai vart det gjennomført Jegerprøveeksamen og gledeleg for alle klarte alle 17 deltakarane eksamen med god margin!

Snittkaratkteren vart så høg som 89,1 % eller 44,6 av 50. Godkjent resultat var minst 80 % eller 40 rette.

Gjennomsnittsalderen på deltakerane var 21 år. 3 damer gjennomførte kurset.



I djup konsentrasjon på riflebanen.



I aksjon på Jegertrapbanen med hagler kjøpt av gåve frå Etne sparebank.



Jarle Grindheim og Roy Martin Øyjord instruerer på riflebanen.
Det viktigaste ein lærer på Jegerprøvekurset er sikker og human jakt.



Terje Bjørgen
Leiar Miljø og Ungdoms utvalg.

AKTIVITETER MILJØ- OG UNGDOMSUTVALET I 2012

Fisketur til Fjøsnavatnet

Den 23. mai arrangerte vi fisketur til Fjøsnavatnet saman med Turlaget. Håvard Kambo var turleiar. Vi var 18 stk., små og store som tok turen i finaveret (27 gr. i skyggen).

Vi hadde nok vore enda fleire om det ikkje hadde vore stor aktivitet på fotballbanen denne kvelden.

Vi kom omsider opp og gjorde stengene klare. Det varte ikkje lenge før første fisk var på land. For den stolte fiskaren var det også første fisk han hadde fått nokon-gong. To av jentene som var med, Amalie og Gerd Sigrid fekk også kvar sin fisk.



Håvard Kambo har fyrt opp bålet for grilling av pølser og fersk fjellaure.



Mange vaksne og ungar er klar til grilling.

Då var tida inne til å grilla. Me kosa oss med bl.a. nygrilla fjellaure og gode fiskehistoriar fra Håvard Kambo. Tida går så altfor fort i godt lag, så etter ei stund måtte me rusla ned att. Vi var enige om å arrangere ein ny tur til neste år - turen blir anbefalt på det sterkaste !

Kanotur til Ekrheimsholmane 3. juni

Tida var inne for ein ny tur, kanotur denne gang, til Ekrheimsholmane. Også denne gong var arrangementet ilag med barnas turlag. Arve Vågen var turleiar for ca. 30 små og store kanoentusiaster. Ein takk til Albert Inge

Rafdal som stilte med båt og tok med ekstra bagasje. Han hadde og klargjordt nokre «røyr» til grilling, med grønsaker og gode krydder fint innpakka i aleminiumsfolie.

Då vi kom over til holmane var allereie Ståle Sørheim der, han hadde bålet klart til grilling. Ut over dagen prøvde nokon fiskelukka - med hell, andre tok ein kanotur. Det var ein kjempe tur – godt til rette lagt av turleiar.



Tiltaket var populært og mange ungar ville prøve seg i kano.

Juniorfiske i sone 3

Den 24.06. kl. 13.00 – 17.00. var det klart for juniorfiske i sone 3 – eit tilbod fleire nytta seg av. Med kjempe forhold låg alt vel til rette for god fangst. Det vart det også: 1 laks på 6,4 kg og 1 tert på ca. 2 kg. Samt at det vart mista ein på ca. 7,5 kg.



Det er kjekt å sjå at ungane vil læra seg å fiske.



Oppmøtet var gjennom dagen bra og fisk vart det ! ... for nokon..



Fangsten søndag 24.06.

Camp Hjørnås 25-29. juni

Vi hadde ansvar for fiske og hadde rigga oss til med telt i østre enden av Andesvad (første tjørna vi kjem til når vi går mot Strype). Der mottok vi grupper på ca 15 stk. med barn som var gira på å fiske.

Vi hadde rigga til stenger som stod klare til bruk – og etter at vi hadde hatt ein liten samtale om korleis vi oppfører oss når vi skal fiske ol – delte vi ut stengene og fulgte dei til forskjellige fiskeplassar. Det vart ikkje så mykje fisk (nordavind heile veka), men vi fekk ein på 455 gram.

Etter fiske fekk kvar av barna, som ikkje hadde fått stang i fjer, eit fiskesett (stang og slukboks) av Etne JFF. Vi delte ut ca 70 sett. Ein stor takk til lederar som var med og såg til at det vart ei god oppleveling for barna. Vi merka oss stor framgang i kasteteknikk hos mange av barna.



Camp Hjørnås: Terje Bjørgen saman med ein glad gjeng som nettopp har fått kvart sitt fiskesett.

Bilder frå Camp Hørnås



Camp Hørnås: Svein Helge Ytrenes er på veg til Andesvad med ny gruppe.



Camp Hørnås: Kjell Tore Klungeland, ein konsentrert instruktør med ivrige tilskodarar.



Camp Hørnås: Litt lott og løye er lov.



Camp Hørnås: Eit firkløver med optimistiske fiskarar.



Camp Hørnås: Mens det framleis er håp ...

Fiskesommar på Romsa

Den 12. august vart det arrangert Fiskesommar på Romsa.

Rune Birkeland var sporty og stilte opp med båt og stod for båtskyss frå Skjersvik.

Vi stilte med grillar, grillmat og länestenger. Planen var at dei som meldte seg inn i fiskeklubben ville få kvar si fiskestang.

Det var dessverre dårleg oppmøte frå bygda vår, men det dukka opp nokre båtturistar frå Bergen i nord til Ølen i sør. Nokre fiska frå land, nokre frå båt, og fisken dei fekk var mest pir.

Det var 14 barn og ungdom og NJFF fekk 3 nye medlem.



Romsa: Frå venstre: Terje Bjørgen, Jens Martin Martinsen og Gjørjan Teigland klargjere fiskestenger.



Gjengen på Kvamstølen.

Tur til Kvamstølen

Den 26. august gjekk turen til Kvamstølen. Også denne gongen var det eit felles arrangement med Barnas turlag.

Denne gongen var ikkje oppmøtet så stort, veret var ikkje det beste og fangsten var det dårleg med.

Trass i dette var tilbakemeldingen frå deltakarane at det var ein sosial og fin tur.

Med beste helsing Terje Bjørgen

Arrangement som kjem

Aktivitetsdag - Olav Vik stiftelsen

Søndag 21. oktober kl. 1100 - 1500
er det aktivitetsdag med grilling, kjekke konkurransar og aktivitetar.

Tiltaket er eit samarbeid mellom EJFF, Etne idrettslag - friidrettsgruppa og Barnas turlag.



Vegard Grumheden
Leder i fiskeutvalget

AKTIVITETER FISKEUTVALET I 2012

Gjenåpning av Etneelva

Etter to års freding ble elva igjen åpnet for fiske i år. Rett nok med en måned kortere fisketid, men bare tanken på å få komme i gang igjen, fikk mange laksefiskere til å synes at våren var litt lang i år. Utover i mai og tidlig i juni var det mange som hang over rekksverket på Likskarbru for å se etter storlaksen, og det var litt av et syn mange fikk se. Dag etter dag fikk vi melding om mange og store fisker som var på tur oppover elva, og stadig kom det nye til. Dette lovde godt.

Dugnad

For å få alt klart til fiskestart måtte vi i gang med en god dugnadsinnsats for å få sone 2,3 og 10 like fine og koselige som før elva ble stengt. Det var ikke gjort noe på disse to åra, så behovet for en opprydding var stor. Fiskebuer ble beiset, utedoer ble tømt og satt i stand, gras ble slått, og busker og kratt ble hogd. Dette er imidlertid et lystbetont arbeid, og vi hadde mange artige stunder i elva. Når fiskerne kommer, og vi får ros og skryt for hvor fint vi har det i våre tre soner, er det betaling god nok. Dessuten så selges stort sett alle fiskedøgn år etter år, ikke bare fordi det er gode fiskesoner, men også fordi folk koser seg og har det kjekt.



Dugnadsgjengen i sone 3.



Frå venstre: Nils Haugen, Vegar Grumheden, Even Mæland og Alt Tore Myking ryddar i sone 10.



Frå venstre: Vegar Grumheden, Even Mæland, Jan A. Vinje, Alt Tore Myking og Geir Grindheim har ein pause i sone 10.



Geir Grindheim kjører på ny grus i stien på sone 10.



Nil Haugen med motorsaga i sone 10.

Fiskestart

15. juni braket det løst. Det ble tatt fisk i hele elva, og kvoten på 1 fisk pr. stang ble ofte raskt fylt opp. Foreløpige tall viser at det i år ble tatt over 3.600 kg laks. Vi må 20 år tilbake i tid for å se en slik fangst. Dette er veldig positivt med tanke på at sesongen i år både har vært kortere og har hatt en streng fangstbegrensning.

Nå når sesongen er over, erfarte vi også at terten har kommet tilbake. Dette kan bety at vi kan få noen fine år framover. Det er imidlertid meldt om store mengder lus i sjøen, så kampen for villaksen vil fortsette inntil oppdrettsnæringen tar til vett.



Mads Haugen med årets første laks. Laksen vart landa like etter fiskestart, 15.06, kl. 0015 i sone 10. (4,4 kg).

Det som var gledelig var at ikke fullt så erfarne fiskere fikk drømmen oppfylt. Dette lover godt for rekrutteringen.



Nils Arne Ramsvik med sine første laksar på 3,2 kg og ein laks på 4,2.



Simen Strømø med sin første laks på 6,3 kg.
Tatt i sone 3.



Elisa Jacobsdottir med sin første laks (9 kg).

St. Hans feiring

Etter to års opphold ble det St. Hansfeiring i sone 3.

Om kvelden var vi noen voksne som møttes. Noen prøvde fiskelykken mens andre bare satt og hygget seg med gode fiskeskrøner.



Even Mæland med "sankthanslaksen". Vekta viste 7,1 kg.

St. Hans feiring

Dagen etter var det ungdommens tur. Riktig mange møtte opp, og fisk ble det.



Sindre Kringlebotten med ein tert på 2 kg.



Bjørnar Kringlebotten med sin aller første laks. Vekta viste 6,4 kg.

Den kanskje største opplevelsen hadde nok 11 år gamle Johanna Rafdal. Etter en halv times kamp og flott kjøring av en 7-8 kg's laks slapp den taket akkurat når den skulle berges i land.

Det var litt av en nedtur, men jeg er sikker på at neste gang kommer den på land.



Ein lite lystig gjeng etter å ha vore vitne til at Johanna Rafdal nettopp har mista storlaksen.



Ein kaffepause for store og små i sone 3.



Mon tru dei speidar etter fisk ?

Oss over 60

Et annet arrangement som vi tok opp igjen i år var "Oss over 60".

Dette har blitt et populært treff for den eldre garde i foreningen. I år var vi samlet til god mat og sosialt samvær i sone 2. Her ble det servert grillet entrecôte, poteter og grønnsaker, samt en nydelig dessert. Dette ble levert av Mathuset. Det var øl og vin til maten, og etterpå kaffe og cognac , pluss mange gode historier.



"Gamle" karane samla i sone 2.

Vegen videre

På slutten av sesongen kom heldigvis også terten tilbake. Dette kan bety at vi kan få noen fine år framover. Det er imidlertid meldt om store mengder lus i sjøen, så kampen for villaksen vil fortsette inntil oppdrettsnæringa tar til vett.

Det som nå står igjen av sesongen er oppdrettsfiske, stamfiske og gytefisktelling. Vi får håpe at begge deler gir et ønsket resultat, slik at vi har noe godt å se fram til neste år.

Ha en god vinter !
Hilsen Vegard



Sveinung Lien
Leiar i Jakt-og leirdueutvalet

JAKT OG LEIRDUEUTVALET I 2012

Her kommer ein rapport frå jakt og leirdueutvalget så langt i år.

Vi har i år også hatt ein jamm og god aktivitet på leirduebanen. Men det er forsatt plass til mange fleire. Sesongen startet allereie i januar med ein vintercup saman med karmøy, tysvær og Fikse leirduebane. Vi på fikse arrangerte finalen i vintercupen 4 mars. Stemneinner og vinner av vintercupen totalt blei David Holand Frå Jæren jfl. Thomas Lien, Etne jff vann juniorklasse i vintercupen.

4 April arrangerte vi eit Jegertrap stemnet, dette stemnet blei vunnet av Arne Gravelsæter Etne jff. På dette stemnet hadde Etne jff fleire som vann sine klasser.



Klassevinnarar

Frå Venstre: Arne Gravelsæter (EJFF), Kjell Harald Hardeland (EJFF), Stian Mæland (EJFF), Helge Mikkelsen (JÆFF) og Sveinung Lien (EJFF).
Vinnarar 50 skot Jegertrap. Arne Gravelsæter vant stevne og klasse .

27 mai arrangerte vi eit nytt jegertrap stemnet, dette blei vunnet av Sveinung Lien, Etne jff. Her og hadde Etne jff representantar som vann sine klasser.

3 juni hadde vi stemne i leirduesti, dette blei vunnet av Rune Sundli, Jæren jfl. Thomas Lien vann junior D1 foran Stian Mæland begge Etne Jff. Kjekt og sjå att juniorane klarer og hevde seg.

16 juni reiste Tom Hardeland , Sveinung Lien og Thomas Lien på Vestlandsmeisterskap i leirduesti som blei arrangert av Øystese jff. Her blei Thomas Lien vestlandsmeister i klassen junior D1. Og Tom Hardeland drog heim sigeren i press skytinga etter ein spennande finale.



Klassevinnerar

Frå Venstre: Dagny Yrkje (Karmøy JFF) Klasse F. Lauritz Apeland (Karmøy JFF) Klasse E2. Sveinung Lien (Etne JFF) Klasse C og stemnevinnar. Tom Hardeland (Etne JFF) Klasse B. Frode Melberg (Jæren JFF) klasse A.

9 August arrangerte vi eit nytt stemne i leirduesti, dette stemnet blei vunnet av Kenneth Vorre, Karmøy jfl. Her gjorde også Etne skyttarane det godt i fleire klasser.

Tirsdag 21.08 møtte 13 hagleskyttere fra klubbene Etne JFF og Vindafjord JFF for å gjøre opp om den årlige klubbmesteren i 50 skudd jegertrap.

Vinnaren vart Tom Hardeland, med Geir Grindheim og Arne Gravelsæter på delt 2. plass. 4. plass Sveinung Lien og 5. plass Gisle Enge.

Det er kjekt å sjå at den yngre garde begynner å lever gode resultater i Jegertrap. Unge lovande Tomas Lien (EJFF) skyter i klassen D1, han skaut totalt 26 treff.



Frå Venstre: Thomas Lien, Kolbein Lunde.

Nå nærmar det seg slutten for sesongen på leirduebanen og jakta står for tur. Det blir nok ein spennande haust, og sjå korleis klekkesesongen har slått ann på rype og skogsfugl bestanden.

Vil anbefale alle som jakter, og jakte på predatorar (Kråke, Ravn Rev, Mår, mink osv), som vi har i vår fauna. Da disse er med på å holde småviltbestanden nede.

Husk og sjekk jakttidene for dei respektive artene.

Skitt Jakt



Finalelaget klubbmesterskapen - 50 skot Jegertrap

Frå Venstre: Gisle Enge, Arne Gravelsæter, Tom Hardeland, Geir Grindheim og Sveinung Lien.

Helsing Sveinung

Takk til våre sponsrarar på Fikse leirduebane



Bilder frå året 2012



Kanskje kjøpe ny flogesnelle?



Erling prøvesitte dassen i sone 3.



Entreprenøren Geir Grindheim
i sone 10.



Flotte etnelaksar.



Arne Gravelsæter med ein laks på 5,5 kg i i sone 10.



Endelig satt laksen til Vegard. 7,2 kg i sone 10.



"Oss over 60": Kjell Harald Hardeland og Trygve Birkenes i hyggeleg drøs.

Bilder frå året 2012



Simen og Kjartan Strømø med kvar sin laks.



Camp Hjørnås: Fiskelykke...



Knut Grindheim på opningsdøgnet.



Medlemsdag i sone 3.
Albert Inge Rafdal instruerer dotter si, Johanna, i flogefiske.



Spøkelsen i sone 3.



Noko er det som fangar interessa. Om det er fisk kom den ikkje på land.

Bilder frå året 2012



Camp Hjørnås: Jentene kosar seg mellom fiske.



CampHjørnås: Instruktør Kjell Tore Klungeland slappar av mellom slaga.



Camp Hjørnås: Stor kanoaktivitet i Hjørnåsvatnet.



Camp Hjørnås: Basecamp

Bilder frå året 2012




Camp Hjørnås: Instruktørane Kjell Tore Klungeland og Terje Bjørgen har gjort ungane klar med lånestenger før fiske.



Villmarsmessa: Pølsekjurs med Bodil Nordjorde.



Tom Hardeland med ein hyggeleg fangst i sone 10.



Camp Hjørnås. "Dette likar eg !"



Ekrheimsholmane: Gerd Sigrid og Marie.

A photograph of a person sleeping peacefully in a field of tall green grass. The person is lying on their back, wearing a blue jacket and dark pants. Their head is resting on a blue blanket. The background shows more tall grass and some bare branches.

EJFF ynskjer alle ein god haust
og ein strålande vinter...

HOVUDSAMARBEIDSPARTNER



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen